

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 18.11.2020

Vår ref.: 200700913-28

Arkiv: 312 / 035.AZ

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Ingegjerd Meyer

Avgrensa høyring av søknad om utsett byggjefrist for Osane kraftverk - Suldal - Rogaland

Det har kome inn ein søknad til NVE frå Småkraft AS datert 18.08.2020, om å få forlenga byggjefristen for Osane kraftverk med fem år, til 18.12.2025. Småkraft AS fekk konsesjon til å byggje kraftverket 18.12.2015.

Etter vilkårspost nr. 2 i vassdragskonsesjonen må konsesjonær starte å byggje kraftverket før det har gått fem år frå konsesjonen vart gjeve. Om ikkje faller konsesjonen frå. NVE kan forlengje fristen med inntil fem nye år.

Søknaden om forlenging og konsesjonen til Osane kraftverk ligger tilgjengeleg på NVE si nettside:

www.nve.no/konsesjonssaker/konsesjonssak/?id=4344&type=V-1

NVE skal vurdere om det er nye moment i saka som tilseier at fristen ikkje kan forlengast.

Etter NVE si vurdering er ikkje saken så omfattande at det ein krev kunngjering og brei offentlig høyring. Søknaden om forlenga byggefrist blir difor berre sendt på avgrensa høyring til Suldal kommune, Rogaland fylkeskommune og Statsforvalteren i Rogaland/Fylkesmannen i Rogaland.

NVE ønskjer tilbakemeldingar dersom det har oppstått nye forhold som kan vera av betydning for konsesjonen sidan saka vart behandla i 2013. Vi ønskjer òg tilbakemelding dersom dykk veit om nye partar som saka vedkjem, slik at dei òg kan få høve til å uttale seg.

Fråsegn sendes på e-post til nve@nve.no.

Frist for innsending av fråsegna er:

08.01.2021

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Med helsing

Brit Torill Haugen
fungerande seksjonssjef

Ingegjerd Meyer
avdelingsingeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Mottakerliste:

Fylkesmannen i Rogaland
ROGALAND FYLKESKOMMUNE
Suldal kommune

BKK Småkraft AS
SMÅKRAFT AS v/Martin Vangdal